
Vår referanse 2021/27464-4
Dato 26.08.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - Dispensasjon frå kommuneplan - fritidsbustad - gnr.
89, bnr. 21 - Haugsmyr - Alver kommune

Viser til brev dagsett 09.07.2021 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av
02.08.2021 med varsel om synfaring.

Arkeolog frå Vestland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 25.08.2021.
Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg
nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske
registreringar. Vi ber likevel om at det vert teke omsyn til kulturlandskapstrekk som eldre vegfar.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda
kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under
gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast
til funnet er vurdert.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift